



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

SKL Produksjon AS
Postboks 24
5401 STORD

Vår dato: 11 FEB 2013
Vår ref.: NVE 200802066-58 ksk/mbi
Arkiv: 312/049.32
Dykkar dato: 10.10.2012
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Marianne Bismo

SKL Produksjon AS - Planendringssøknad for Storelvi kraftverk i Ullensvang herad - vedtak

Bakgrunn

SKL Produksjon AS fekk den 26.6.2012 løyve etter vassressurslova § 8 til å bygge Storelvi kraftverk i Ullensvang herad på nærare fastsette vilkår. I fylgje konsesjonen skal kraftverket byggast med inntak på kote 650 og med kraftstasjon på kote 5. Det vart gjeve løyve til å overføre Vetleelvi til Storelvi med ein terskel på kote 1100. Det vart ikkje gjeve løyve til overføring av Matbekken til Storelvi. I konsesjonen vart det sett vilkår om at vassvegen skulle gå i tunnel frå inntaket og ned til kote 150. Herfrå til kraftstasjonen skulle vassvegen gravas ned. NVE la i vurderinga av søknaden vekt på at vassvegen skulle leggst i tunnel og at einaste veg som skulle byggast var veg til kraftstasjonen.

Planendringa, dagsett 10.10.2012, går ut på at tunnelen blir noko kortare, og går frå inntaket og ned til kote 280. Herfrå til kraftstasjonen skal vassvegen gravas ned. Tunnelen planleggast utført med styrt langholsboring. Vassvegen vidare ned mot kraftstasjonen er planlagt som nedgrave røyrgate. SKL Produksjon AS planlegg å nytte taubane for å legge røyrkata. Denne teknikken gjev ein smalare røyrtrasé. Det vil ikkje verte naudsynt å bygge vegar i samband med planendringa, anna enn veg til kraftstasjonen. All anna transport vil skje på eksisterande vegar eller med taubana. Om lag 300 m³ massar frå tunnelboringa vil nyttast til omfyllingsmassar for den delen av vassvegen som skal gravas ned. Søkar planlegg vidare å flytte kraftstasjonen til nordsida av Matbekken, om lag 70 m lenger nord enn omsøkt.

Planendringssøknaden er ikkje sendt på offentlig høyring, fordi vi meiner at planendringa ligg innafør det som vart handsama i samband med opphavleg konsesjonssøknad.

NVE vurdering

Etter synfaringa i 2011 kom SKL Produksjon AS med fleire alternative løysingar som kombinerte tunnel og nedgrave røyr for vassvegen. Endringsmeldinga skil seg ikkje vesentlig frå dei alternativa som tidlegare er skissert, men i endringsmeldinga kjem det fram at kostnadsnivået er noko høgare enn det som vart føresett tidlegare. Formålet med planendringa er å redusere omkostningane til kraftverket. Det konsesjonsgjevne kraftverket vil ifylgje søkar ha ein utbyggingspris på 67,4 mill. kr. Med planendringa

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

vil kostnadane ligge på om lag 47,7 mill. kr. Produsert straum vil vere den same. Dette vil gje ein utbyggingspris på 6 kr/kWh for konsesjonsgjeve alternativ og 4,26 kr/kWh for alternativ etter endringsmeldinga. NVE må veie dei positive konsekvensane av betre økonomisk grunnlag for kraftverket opp mot eventuelle nye ulemper for ålmenne interesser.

Det var med hovudgrunn i konsekvensar for landskapet at NVE sette vilkår om at vassvegen skulle gå i tunnel mellom inntaket og kote 150. SKL Produksjon AS har i endringsmeldinga argumentert for at nedgrave røyrgate også på strekninga mellom kote 150 og kote 280 vil vere akseptabelt for landskapet. Søkar skriv at det er hogstmoden granskog (plantefelt) og blandingsskog langs planlagt trasé på denne strekninga. Søkar viser til at traseen vil verte gøymt av landskapsforma for innsyn frå riksvegen nedanfor. Traseen kan bli noko meir synleg frå den andre sida av fjorden, men søkar meiner at den også her vil verte gøymt frå dei fleste vinklar. Vidare argumenterar søkar med at traseen berre vil bli 8-10 m brei, og at den vil vere lite synleg når landskapet gror att. Med den løysinga som er presentert i planendringa vil det takast ut om lag 300 m³ massar, som kan nyttast som omfyllingsmassar. Dette er ein vesentlig reduksjon samanlikna med ei løysing med sjakt og tunnel, som var den tekniske løysinga ved det konsesjonsgjevne alternativet. Ved bygging av vassvegen etter planendringa vil det ikkje verte naudsynt å etablere eit deponi. Dette er ein positiv effekt ved å bygge kraftverket etter planendringa.

SKL Produksjon AS har etter NVE si meining gjeve ei grundig skildring og visualisering av korleis anlegget teknisk skal utførast, og kva for konsekvensar den ekstra strekninga med nedgrave røyr vil ha for landskapet. NVE er i hovudsak einig i søkar si vurdering, men meiner at nedgrave røyr vil vere noko meir synleg enn tunnel på denne strekninga. Vi tek dette med i vår heilskapsvurdering av endringsmeldinga, samstundes legg vi vekt på at det ikkje er naudsynt med deponi etter dei nye planane.

Kraftstasjonen er i planendringa flytta til nordsida av Matbekken. Røyrkata må dermed krysse Matbekken, utan at dette er skildra nærare. Området ser ut til å ligge lenger ned enn områda der det er registrert sjeldne mosar i Matbekken. Kryssing av Matbekken kan gjerast i medhald av konsesjonen, og handsamast gjennom detaljplanlegginga av kraftverket.

Det er planar om eit riggområde ved nytt tunnelpåhogg og eit ved Matbekken, der røyrkata skal krysse denne. NVE sett føre at riggområda blir etterlete på ein sånn måte at områda ikkje står ut frå omgivingane.

For andre tema viser vi til dei vurderingane som vart gjort i samband med konsesjonshandsaminga av opphavleg søknad. Dette gjeld også forholdet til naturmangfaldlova.

NVE meiner at ulempene for landskapet ved å ha nedgraven røyrgate frå kote 280 og ned til kraftstasjonen er noko større enn for det konsesjonsgjevne alternativet, men at dette vegast opp ved at det ikkje blir naudsynt å etablere eit deponi for tunnelmassane. Vi meiner at ein utbygging etter den framlagte endringsmeldinga kan akseptast i høve til ålmenne interesser. Ei utbygging etter endringsmeldinga vil gje betre økonomi i prosjektet for søkar. Ein realisering etter planendringa føresett at dei tekniskar som er skildra i endringsmeldinga vert brukt.


NVEs konklusjon

NVE meiner at fordelane ved planendringa for Storelvi kraftverk er større enn ulempene. Kravet i vassressurslova § 25 er dermed oppfylt. NVE gjev i medhald av vassressurslova § 8 løyve til at Storelvi kraftverk kan byggast som skildra i planendringssøknad dagsett 10.10.12, med tunnel frå inntaket og ned til kote 280, og med nedgrave røyrgate frå kote 280 og ned til kraftstasjonen. Andre vilkår i konsesjonen dagsett 26.6.12 vert verande uendra.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing


Rune Flatby
avdelingsdirektør
Øystein Grundt
seksjonssjef

Kopi:

- Ullensvang herad, 5780 KINSARVIK
- Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
- Hordaland Fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
- Statens vegvesen, Nasjonale turistveger, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
- Odda Energi AS, Røldalsvegen 74 B, 5750 ODDA
- Hardanger Energi AS, Postboks 33, 5782 KINSARVIK
- Naturvernforbundet Hordaland, Postboks 1201 Sentrum, 5811 BERGEN